

OPPSUMMERING AV SØKNADANE MED KOMMENTARAR

Alle søknadene er godkjende. Desse punkta er lagt til grunn for løyvingane:

- at alle kommunane skal få støtte
- god søknad/innhald
- god rapportering/innhald
- godt samarbeid kultur og helsektor
- nyskaping og utvikling
- gjennomføringsevne
- gode tilbod til mange
- folketal (brukarar over 67 år)
- interkommunalt samarbeid

Det er varierande innhald i søknadane, men alle får tilskot. Folkemengd over 67 år er lagd vekt på (sjå vedlegg). Alle kommunane viser samarbeidsevne tverrsektorielt, med frivillige lag og organisasjoner og profesjonelle aktørar.

Nedanfor er ein oversikt over innhaldet i søknadane frå dei 26 kommunane i fylket. Dei fleste kommunane har sendt inn tre tiltak. Søknader som utmerkar seg vert kommentert.

1. Askvoll kommune.

- Kultur-mix. 30 arrangement med amatørar og profesjonelle.
 - Kul-tur. 10 arrangement. Gje heimebuande skyss til arrangement.
 - Litt av kvart. 20 Arrangement for alle. Historie, besøke museum i regionen.
- God søknad med godt samarbeid med profesjonelle, amatørar og lag og organisasjoner.

Søknadssum: kr. 55 000,-

Tilråding: kr. 40 000,-

2. Aurland kommune

- Hallo, hallo. 1 arrangement for alle eldre. Teaterforestilling om to søstre sterke band.
- Gløymde historier, kjende melodiar. 1 arrangement og 1 kurs. For brukarar og tilsette på institusjon. Forelesar og helsemusikar Gina Nordby.

Søknadssum: 35 000,-

Tilråding: 20 000

3. Balestrand kommune

- Kultur gjer helse. 2 arrangement. Balestrand kulturhus
- Kultur aukar livskvalitet. 1 arrangement. Arrangement for alle i samarbeid med pensjonistlaget.
- Dei eldste eldre. 1 arrangement. Invitere barnegrupper og andre på institusjon.

Søknadssum: 45 000,-

Tilråding: kr. 15 000,-

4. Bremanger kommune

- Husker du? Turne med 4 foredrag/miniuutstilling. Samarbeid med musea og den kulturelle skulesekken.

- Konserturne. 12 konsertar med lokalt knytt musikarar samt folkemusikarane i fylket.
 - Teater/kinoframsyning. 4 teaterførestillingar og 4 kinoframsyningar på institusjon men og ope for andre.
- God søknad som gjev eit breitt tilbod med god kvalitet til både heimebuande og brukarar på institusjon.

Søknadssum kr. 160 000,-

Tilråding: kr. 55 000,-

5. Eid kommune

- Kulturprogram for eldre. 16 arrangement med musikk, teater, litteratur og dans. Arena er kulturhus, institusjon og aktivitetssenter. 15 av arrangementa er med profesjonelle aktørar.
 - Seniorkino. 12 Arrangement. Nordfjord operahus.
 - Kulturtur. 4 arrangement. Besøke galleri og museum i regionen.
- Eid kommune viser eit breitt tilbod til innbyggjarane. Det ivaretak profesjonalitet, amatørane sine ressursar, godt samarbeid og ulike arena til tiltaka.

Søknadssum. Kr. 127 000,-

Tilråding: kr. 50 000,-

6. Fjaler kommune

- Musikk for demente + open avdeling på sjukeheim. 50 arrangement på institusjon.
 - Lesing av Jon Fosse. 10 arrangement i samarbeid med Litteraturmisjonen, kulturkontoret og regissør Jakob Sande. Lese for eldre som skal munne ut i lesing/framsyning for ope for alle.
 - Ulike tiltak i samarbeid med Fjaler pensjonistlag og sjukeheimen.. 8 arrangement
- Fjaler har gjennom fleire år arbeidd godt med spaserstokken, med fokus institusjon, amatørar og det profesjonelle. Dette ivaretak dei framleis.

Søknadssum: kr. 120 000,-

Tilråding: kr. 50 000,-

7. Flora kommune

- Oppleve kulturtildob på høgt nivå. 10 arrangement profesjonelle musikarar, forfattarar
- Opplæring – nye media. 2 arrangement
- Eigenaktivitet / eigne krefter v/Sangglede, Kystmusikantane, seniordansen o.a. 12 arrangement.

Flora kommune viser godt samarbeid med pleie- og omsorgssektor og eldreråd. Tilboda i DKSS er lagt godt til rette på institusjonane i kommunen.

Søknadssum: kr. 110 000,-

Tilråding: kr. 70 000,-

8. Førde kommune

- Samarbeid med Sunnfjord museum og Kunstmuseet. 4 arrangement i tillegg til vanleg bruk av musea.
- Samarbeid med frivillige. 2 arr. Vil starte prosjektet «Kulturaktiviteten» eit samarbeid med folkehelse, frivilligentral, frisklivssentral og frivillig arbeid.
- Tilrettelagt kulturtildob på institusjon med profesjonelle. 90 arrangement (50 på avdeling og 40 offentlege). Distriktsmusikarane i Førde

Det er tre spennande prosjekt Førde kommune har. DKSS er godt etablert på institusjon gjennom samarbeid med distriktsmusikarane. I tillegg er dei to andre tiltaka spennande ved å tenkje nye

samarbeidsmodellar og ikkje minst trekke musea i kommunen som arena og ein ressurs for seniorar.

Søknadssum: kr. 170 000,-

Tilråding: kr. 88 000,-

9. Gaular kommune

- Sareptakrukka. 20 arrangement på ulike arenaer med profesjonelle kunstnarar og lokale utøvarar. Arrangementa er i tett samarbeid med frivillige og pleie- og omsorg.
- Kulturbussen. 5 arrangement. Tur til museum, konsertar, kino lokalhistorie og historiske stader i region
- Les for meg. 5 arrangement med forfattarbesøk.

Godt arbeid med DKSS i Gaular kommune. Gode tiltak med fokus på samarbeid og lågterskel på kunst- og kulturopplevingar.

Søknadssum: kr. 120 000,-

Tilråding: kr. 45 000,-

10. Gloppen kommune

- Arrangementsserie i Trivselshagen. 5 arrangement med teater musikk, kino og litteratur for alle seniorar. Samarbeid med frivillige og institusjonar
- Lyrikk og musikk. 5 arrangement på institusjonane. Samarbeid med bibliotek.
- Konsert. 5 arrangement på institusjon med distriktsmusikarane i Gloppen.

God veksling av arenaer og godt samarbeid med ulike aktørar i kommunen.

Søknadssum: kr. 60 000,-

Tilråding kr. 40 000,-

11. Gulen kommune

- Konsertar. 6 arrangement på institusjon
- Seniordans. 1 arrangement i veka for seniorar

Søknadssum: kr. 45 000,-

Tilråding: kr. 15 000,-

12. Hornindal kommune

- Livsnyartreff. 24 arrangement på institusjonar. Dette er samleomgrep om kulturtilbodet ved Hornindal omsorgssenter. Teater, utstillingar, konsertar, litteratur, minnearbeid osb.
- Seniortreff. 36 arrangement. Ope tilbod for alle seniorar ein gong i månaden med ulike kulturinnslag.
- Brått – festivalen. 30 arrangement. Gratis heimekonsert under BRÅTT – festivalen, i tillegg konsertar på tre ungdomshus.

Gode tiltak med mål om å gje seniorar ein kulturell kvardag. Det er tett samarbeid i kommunen for gjennomføring av DKSS.

Søknadssum: kr. 78 000,-

Tilråding: kr. 40 000,-

13. Hyllestad kommune

- Kulturopplevingar. 8 arrangement ope for alle med profesjonelle kunstnarar og lokale aktørar.
- Kulturopplevingar på omsorgssenteret. 8 arrangement.

- «Minne frå unge år». 12 arrangement på omsorgssenter. Foto, historier og minner med ulike generasjonar. Sette i samanheng med kulturminnearbeidet og registrering av immaterielle kulturminne. Planen er at forteljingane vert utgjeve som hefte.

Godt samarbeid med folkeakademi, sogelag og kulturkontor om minne og historier

Søknadssum: 130 000,-

Tilråding: kr. 40 000,-

14. Høyanger kommune

- Musikkterapi i eldreomsorga. Kvar veke på institusjonar og dagsenter. Samarbeid med Høyanger kulturskule sin musikkterapeut.
- Litteratur, bilet og film for eldre. 45 arrangement ope for alle. Seniorkino, «leser søker bok», minnekoffert til bruk i demensomsorga. Kåseriet «Hemmelig helt» av forfattar Svein Sæter
- Kulturelle trivselstiltak. 6 arrangement. Kulturell aktivitet knytt til pensjonistlag. Målet er at alle pensjonistlaga i kommunen skal tilby der hovudattraksjonar ein kunst og/eller kulturell aktivitet.

God søknad varierande tiltak med høg kvalitet. Godt samarbeid med pensjonistlag, kulturskule og er bevisst på å gje ei breidde av kulturuttrykk

Søknadssum: kr. 400 000,-

Tilråding: kr. 60 000,-

15. Jølster kommune

- Bokcafear. 10 arrangement. Litteratur og sosialt samvær på biblioteket.
- Senioruniversitet i Førde. Støtte til drift og gjennomføring. Det er mange frå Jølster frå Jølster nyttar dette tilbodet i Førde.
- Seniordans. 40 arrangement.

Søknadssum: kr. 40 000,-

Tilråding: kr. 15 000,-

16. Leikanger kommune

- Toneskrinet. 5 arrangement. «Toneskrinet» er eit folkemusikalsk pedagogisk program med vekt på folkesong som er vist i barnehage og skuler av og med Judith Vestreim. Programmet skal no bearbeidast til demente og skal framførast på institusjon. Dette skal vere i samarbeid med kulturminneplanarbeidet og dokumentasjon av folkemusikktradisjonane i Leikanger
- Tilbod for eldre. 6 arrangement på institusjon med musikk, teater, lokalhistorie og dans
- Litteraturformidling. 4 arrangement på bibliotek. Forfattarbesøk blant anna frå forfattarar utgitt bøker på Skald.

God søknad med spanande utviklingsarbeid av folkemusikk i bruk med minnearbeid og demente. Dei har som mål at prosjektet skal kunne vidareførast til andre kommunar.

Søknadssum: kr. 69 000,-

Tilråding: kr. 40 000,-

17. Luster kommune

- Kultur og eldre – lågterskeltilbod. 30 arrangement for alle. Allsong, musikk/theater, og sosialt samvære.
- Kulturprogram for eldre. 25 arrangement. Musikk, scenekunst, lokalhistorie og dans. Samarbeid med folkeakademiet.
- Integrerte kulturtiltak og tilrettelagde tiltak. 10 arrangement. Eldredag, kulturdagar, konserter med høgt kunstnarisk nivå.

Luster har eit breitt tilbod til seniorar med stor variasjon og mange samarbeidspartar. Det er god deltaking på arrangementa og godt organisert.

Søknadssum: kr. 230 000,-

Tilråding: 45 000,-

18. Lærdal kommune

- Turnetilbod. 4 arrangement profesjonelle kunstnarar på institusjon og kulturhus.
- «Den gløymde songboka». Arrangement på institusjon med lærarar frå kulturskulen.
- Lågterskelttilbod. 40 arrangement på forsamlingshus i samarbeid med ulike lokale lag og organisasjoner.

Søknadssum: kr. 100 000,-

Tilråding: 25 000,-

19. Naustdal kommune

- Kultur for auka livskvalitet. Musikkterapi på sjukeheim. 2 periodar a 6 månader. Samarbeid med kultur, pleie- og omsorg og Fylkessenter for musikkterapi.
- Kultur på heimebane. Musikk, lokalhistorie, lyrikk på institusjon med høg kunstnerisk kvalitet. «Bok på døra» til heimebuande.
- Kultur der det skjer. Turar med kulturoppleving i kommunen og region med musikk, litteratur, biletkunst, lokalhistorie.

Søknadssum: kr. 150 000,-

Tilråding: kr. 35 000,-

20. Selje kommune

- Verda sin aktivitetsdag for eldre. 1 arrangement 10. mai med fokus på fysisk aktivitet
- Eldredagen. 1 arrangement 1. oktober. Kultur og foredragshaldar
- «Når nettene blir lange» Føradventsfest. 1 arrangement
- Sommartreff med Sogn og Fjordane pensjonistlag

Søknadssum: kr. 44 750,-

Tilråding: kr. 15 000,-

21. Sogndal kommune

- Musikk-teater – song – dans. 4 arrangement på institusjon. Med distrikts- og folkemusikkarar, kor og andre lokale utøvarar.
- Fine opplevingar ilag med andre. 4 arrangement i samarbeid lag og organisasjoner. Konsert med Lars Martin Myhre.

Søknadssum: kr. 75 000,-

Tilråding: 40 000,-

22. Solund kommune

- Kulturopplevingar. 3 konsertar, 2 foredrag og 1 biletutstilling. Samarbeid med lag og organisasjoner, den kulturelle skulesekken, frivilligsentral og pleie- og omsorg.
- Teater/kulturtur. Kulturtur i regionen.
- Lokal kulturell «reise». 10 arrangement med samarbeid mellom institusjon, kulturskule, kor, seniordans, historieforteljarar i kommunen.

Søknadssum: kr. 65 000,-

Tilråding: kr. 20 000,-

23. Stryn kommune

- Kultursamling for pensjonistar. To kulturfestar i samarbeid med pensjonistlag.
- Kulturtiltak på omsorgssentra i Stryn kommune. 12 arrangement på institusjonane. Song, musikk og kåseri med gode formidlarar, bl.a. Jorunn Erdal, Linda Gytri

Søknadssum: kr. 95 000,-

Tilråding: 40 000,-

24. Vik kommune

- Kulturfest med mat dans, musikk og kåseri
- Kulturtiltak på omsorgssentra med profesjonell aktørar
- Seniordans

Søknadssum: kr. 40 000,-

Tilråding: kr. 20 000,-

25. Vågsøy kommune

- Seniorakademiet 55+. 8 arrangement med variert, kvalitativt og godt kulturelt tilbod til seniorar i kommunen. Seniorakademiet fungerer no som ein paraplyorganisasjon for dei frivillige i kommunen. Ulike arrangement er planlagt for brukarar på institusjon skal få tilgang på kulturelle opplevingar.

Søknadssum: 350 000,-

Tilråding: 45 000